

VIK FEIOS MERKUR-PROGRAMMET BUTIKK HANDEL

Feiosbui vart nummer 100 i rekka: – Me har jobba knallhardt for dette



- Eg trur dette blir ei ny verd for innbyggjarane våre, og fritidsbuarane våre, seier Monica Feidje Midlang Foto: Vidar Avdem Stadheim

Fredag opna Feiosbui dørene til ein moderne og digitalisert nærbutikk.

+ For abonnentar

– Dette er ein stor dag, og me har jobba knallhardt for dette, seier styreleiar for Feiosbui, Monica Feidje Midlang.

Fredag samla dei små og store til opning av den delvis sjølvbetjente butikken. Sjølve markeringa av opninga var det ingen ringare enn kommunal- og distriktsminister Erling Sande (Sp) som stod for.

Feiosbui er butikk nummer 100 som er blitt digital butikk med støtte frå Merkur-programmet.

– Det er litt spesielt at dette er butikk nummer 100 som byggjer om. Det er ekstra stas, seier Midlang.

Ho tykkjer teknologien bak løysinga er imponerende.

– Heilt rått korleis dei har klart å byggja opp eit slikt fungerande godt teknologisk system. Eg trur dette blir ei ny verd for innbyggjarane våre, og fritidsbuarane våre, seier Midlang.



Det var godt oppmøte på opningsmarkeringa. Foto: Vidar Avdem Stadheim

No veit dei at det er ope om kvelden, men døgnopent vert det ikkje,

– Me har ope 07–23. Det har med at det må vera nokon som har bakvakt når butikken er fjernbetjent, seier Midlang.

ANNONSE

På dagtid kjem det også til å kunne vera tilsette til stades.

Samhald og dugnad

Butikken var open under heile ombygginga.

– **Litt armar og bein var det når me bytte kassen, men me ordna det for dei kundane som var innom då, seier Midlang, som rosar samhaldet i bygda, og dugnadsinnsatsen som er lagt ned.**

– *Dette er bygda sin butikk?*

– Ja, det er heilt tydeleg.

– *Er dette noko du vil tilrå andre bygder å få i stand?*

– **Ja, det no vil visa seg. Eg håpar me vil lukkast, og at det er verdt jobben og investeringane me har gjort, seier Midlang, og nemner at butikken i Arnafjorden truleg er neste ut i Vik kommune.**

– Spannande å prøva

Hildny Marit Grindedal var ei av dei som møtte opp på opningsdagen og var veldig nøgd. Ho tykkjer det er godt at dei framleis kjem til å ha butikk i bygda.

- Dette blir spennande å prøva. Eg har ikkje testa det enno, men det går sikkert bra, seier Grindedal.

ANNONSE



A promotional graphic for an event. The background is a lush green forest with sunlight filtering through the trees. In the center, there is a white rectangular box containing a decorative snowflake-like logo made of small red and green squares. Below the logo, the text 'VOS2A DAGANE' is written in a bold, black, sans-serif font. Underneath that, 'ÅRETS BESTE JOLEGÅVE' is written in red, and '8. – 9. april 2025' is written in black. At the bottom of the graphic, there is a red rounded rectangular button with the white text 'Meir informasjon og billetter'.



Hildny Marit Grindedal gler seg til å prøva den nye butikken. Foto: Vidar Avdem Stadheim

Erling Sande kallar Merkur-programmet ein viktig del av distriktspolitikken. 560 bygder har lokal butikk på grunn av dette programmet. Dei butikkane som vil kan bli digitale, og det er ny teknologi som gjer dette mogleg.

Erling Sande meiner fjernbetjente butikkar i Merkur-regi har vore ein suksess.

- Når me legg om tek omsetnaden seg opp, kundane er nøgde, dei får eit betre tilbod, og opningstider utover det som har vore før. Spesielt hyttefolket nyttar butikken der dei har hytte i staden for å kjøpa i byen og reisa til hytta. I tillegg blir det betre for dei butikktilsette, seier Sande.

- Livskraftige bygdesamfunn

Det gode oppmøtet i Feios var også gledeleg.

- Det er alltid kjekt når den oppveksande generasjon kjem, for det viser at det er livskraftige bygdesamfunn, og at det betyr noko for bygda at det skjer noko og at ein har eit godt tilbod, seier Sande.

Dette var faktisk første gong Sande var i Feios, noko som gjorde besøket ekstra kjekt.

ANNONSE

- No står berre Fresvik att på lista?

- Fresvik og Hisarøyna i Gulen, og kanskje nokre til. Det er ikkje mange att på lista, spøkte Sande.



Erling Sande vitja Feios for første gong. Foto: Vidar Avdem Stadheim

Sande nytta sjansen til få med seg meir i Vik. Han var innom Vik Ørsta for å få ein oppdatering på dei utfordringane bedrifta står i no. Politiberedskapen var også eit diskusjonstema under turen til Vik, og han fekk med seg innspel som gjekk på det å sikra politiberedskap også lokalt.



Monica Harbakk, med Emma og Daniel, stilte på opninga. Foto: Vidar Avdem Stadheim

Monica Harbakk og dei to barna Emma og Daniel var òg til stades på markeringa.

– *Kva betyr det for dykk at butikken i Feios blir verande?*

– Det betyr mykje. Det er ein viktig føresetnad for at me blir verande at det er butikk her, svarar Monica.

Dei fekk song av både skulen og barnehagen i Feios, før Erling Sande høgtideleg opna butikken.



Kommunal- og distriktsministeren sjølv kom og stod for snorklyppinga. - Det var meir enn me hadde drøymt om i Feios, seier Monica Feidje Midlang. Foto: Vidar Avdem Stadheim

Les meir om: [Vik](#) [Feios](#) [Merkur-programmet](#) [Butikk](#) [Handel](#)

 Sogn Avis
20 728 følgere

Følg side

Se kommentarer

Fleire saker

Førar blåste over lovleg verdi



ANNONSE